

Søknad om stadfesting frå statsforvaltaren av at framtidfullmakt skal tre i kraft

Ei framtidfullmakt er ei fullmakt som er gitt til éin eller fleire personar til å representere fullmaktsgivaren etter at fullmaktsgivaren på grunn av sinnsliding, medrekna demens, eller alvorleg svekt helse ikkje lenger er i stand til å ta hand om interessene sine innanfor dei områda som er omfatta av fullmakta. Det er fullmektigen som skal sende inn søknad om stadfesting. Verjemålslova kapittel 10 gir nærare detaljer om reglene for framtidfullmakter.

Stadfesting frå statsforvaltaren av ei framtidfullmakt

Det følgjer av lov av 26. mars 2010 nr. 9 om vergemål (verjemålslova) § 84 at statsforvaltaren kan stadfeste at ei framtidfullmakt skal tre i kraft. For å kunne stadfeste fullmakta må ho vere oppretta i samsvar med dei vilkåra som § 81 første ledd stiller, og fullmaktsgivar må vere kommen i ein slik tilstand som § 78 gjer greie for.

Statsforvaltaren kan ikkje stadfeste at fullmakta skal tre i kraft dersom fullmaktsgivar ikkje var fylt 18 år da fullmakta blei utferda, eller mangla evna til å forstå kva fullmakta inneber. Statsforvaltaren kan heller ikkje stadfeste at fullmakta skal tre i kraft dersom det er klart at vitna ikkje oppfyller krava i § 81 andre ledd i lova, eller det er grunn til å tru at fullmektigen ikkje er eigna for oppdraget. Dersom det kjem innvendingar mot framtidfullmakta, eller andre særlege forhold krev det, skal statsforvaltaren hente inn slik dokumentasjon som synast nødvendig ut frå innvendinga eller dei særlege forholda i saka, jf. forskrift til vergemålsloven av 15. februar 2013 nr. 201 (verjemålsforskrifta) § 29 første ledd.

Dersom statsforvaltaren stadfestar at fullmakta skal tre i kraft, mottar fullmektigen ein attest som stadfestar dette. Statsforvaltaren syrgjer for at stadfestinga registrerast i offentlege register i samsvar med verjemålslova § 77. Ved faktiske endringar etter første registrering har fullmektigen ansvaret for å be om at opplysningar blir registrert eller sletta når det er nødvendig for å sikre ei korrekt registrering, jf. forskrifta § 29 anna ledd.

Sjå www.vergemal.no for meir informasjon om ordninga med framtidfullmakt.

1 Opplysningar om fullmaktsgivar

Fornamn:		Fødselsnummer:	
Mellomnamn:			
Etternamn:			
Folkeregistrert adresse:			
Postnummer:		Poststad:	
Eventuelt noverande/anna adresse:			
Postnummer:		Poststad:	
Telefon:	Mobil:	E-post:	

2 Opplysningar om fullmektigen (den som har fått fullmakt)		
Fornamn:		Fødselsnummer:
Mellomnamn:		
Etternamn:		
Adresse:		
Postnummer:		Poststad:
Telefon:	Mobil:	E-post:
Tilknytning til fullmaktsgivar:		
3 Krav til dokumentasjon		
Saman med denne søknaden må følgjande dokumentasjon leggjast ved:		
<ul style="list-style-type: none"> • framtidsfullmakta • dokumentasjon på at fullmaktsgivar og pårørende er varsla om at fullmakta har tredd i kraft, og innhaldet i henne, jf. verjemålslova § 83 andre ledd • legeerklæring om den aktuelle helsetilstanden til fullmaktsgivar 		
4 Eventuelle merknader eller tilleggsopplysningar		
5 Underskrift		
Dersom det er gitt fullmakt til meir enn éin person, må alle som har fått fullmakt, skrive under.		
Dato:	Stad:	Underskrift frå den som har fått fullmakt:
Dato:	Stad:	Underskrift frå den som har fått fullmakt:
Dato:	Stad:	Underskrift frå den som har fått fullmakt:

GA – 8046 N